

Rekordane fall i Nibberittet

Ny deltakarrekord på flotte 390, ny damerekord ved Hanne Trønnes og herrerekord ved Alf-Roger Holme er dei harde fakta etter den niande utgåva av Nibberittet.

GEIRANGER. Ottadalen markerer seg beinhardt med fire ulike vinnarar i herreklassene. Men rekorden kom i dameklassa, der Hanne Trønnes senka sin eigen rekord frå tida 1.26.09 til 1.20.36. Nærast Trønnes kom Hilde Larsen med 1.23.14

– I dag fungerte det kjempebra. Eg likar bakkar, sa ein glad damevinnaren som kunne stappe 10 000 kroner i lomma (5000 for totalsiger, 5000 for løyperekord), og som røpa at det for to veker sidan kom 12 000 kroner inn på kontoen etter harde pedaltrakk.

«I dag fungerte det kjempebra»

HANNE TRØNNES

Godt av Standal. I herreklassa vart det store feltet kontrollert av Eidsvoll SK, ikkje uventa. Alf-Roger Holme, som tidlegare hadde sykla på 1.05.33, hadde selskap av klubbkollega og siste års junior, Vegard Breen, opp til Djupvasshytta. Men på grusen vart ein pigg Holme nummeret for stor. Han senka sin eigen rekord til 1.03.39. Dermed var han berre 3 minutt og 39 sekund unna ei timelønn på 10 000 kroner for sykkelturen. Breen vart pas-

sert av Magnus Espelund frå Nesset CK, som med 1.05.21 også gjekk under den gamle rekorden. Jan Ove Standal frå Ålesund og Omegn tok fjerdeplassen i eliteklassa på den sterke tida 1.06.42

– Eg har vore stabil mellom dei tre fire beste alle fire gongane eg har delteke her, men tida i dag er mi beste nokon sinne, slo 39-åringen fast etter målgang.

17-åringen Alexander Hervåg, sykkyllving som sykklar for Eidsvoll SK, tok sjuandeplassen i eliteklassa med 1.08.13. Sju minutt raskare enn i fjor, likevel ikkje heilt nøgd. Det fortel om høgt ambisjonsnivå.

Tove og Coby vann. Herreklassene 30-39 år og 40-49 var dei to største og samla åleine 200 deltakarar. Langt frå alle stiller til start for å vinne. Mange kjempar ein kamp mot eige

personleg bestenotering gjennom 21 kilometer og 1500 seige høgdemeter. Vi nemner likevel dei lokale klassevinnarane:

K 40-49 år: 1. Tove Lersveen, Stranda SK, 1.34.23

K 50-59 år: 1. Coby Ytredal, Eidsdal IL, 1.50.05

M 17-19 år: 1. Martin Nevstad, Ulstein SK, 1.16.21

M 20-29 år: 1. Runar Brøste, Rauma SK, 1.23.50

ATLEHOLE
sport@smp.no



Hanne Trønnes frå Ottadalen vart 10000 kroner rikare etter å ha senka damerekorden i Nibberittet til 1.20.36.

Mangla ti sekund på rekord

Bergenseren Jon Tvedt er spesialist på motbakkeløp. Men han vil helst ha meir krevjande terreng enn asfalt og slett grusveg. Debuten hans i Geiranger gav nesten rekord.

GEIRANGER. I fin stil kryssa han mållina på toppen av Dalsnibba på tida 1.30.20. Det var ti sekund bak Hans Martin Gjedrem sin rekord frå 2003. Tvedt tok ikkje akkurat det så tungt.

– Kjekt å ha delteke her. Utru-

leg vakker natur. Sanninga er at eg neppe hadde vore mellom deltakarane her i dag om ikkje løpet var eitt av seks i norgescupen i motbakkeløp. Den satsar eg på, men normalt spring eg minst muleg på asfalt. Sekundering hadde eg ikkje, men eg gav det eg hadde mot slutten. Kanskje kunne eg pint meg ned ti sekund, kanskje ikkje.

Sterk Gjedrem. Tvedt låg i tet så å seie gjennom heile løpet. Berre Hans Martin Gjedrem og Mikael Olsen var med på opningstem-

poet. Gjedrem sleppte ryggen etter kring åtte kilometer, Olsen (frå Namdal løpeklubb) var med betydeleg lenger. Men det var Tvedt som drog heile vegen. Tre kilometer før mål hadde Olsen sakka 15 sekund bak. I mål var avstanden snau to minutt (1.32.07). Vårt lokale skiskyttarhåp held imponerende godt mot slutten og kom inn på sterke 1.33.12

– Eger utruleg godt nøgd. Både med eige løp, og at rekorden min overlevde. Hadde venta ei vinnartid ned mot 1.25 her i dag. Dette var ein fin formtest for min del, og klart betre tid enn sist eg sprang, sa ein blid rekordhaldar til Sunnmørsposten.



Magnor Rypdal og Runar Korsnes er begge dyktige skiløparar. Her er dei i fylgje (Rypdal fremst) på veg mot kvar sin klassesiger.

Suveren damevinnar. Begge løpsvinnarane har passert 40 år. Og det var langt frå ei bombe at Anita Håkenstad Evertsen vart beste dame. Ho vart ikkje berre best, ho var suveren. Rett nok var tida 1.43.25 tre og eit halvt minutt bak hennar eigen løype-rekord frå 2007, men det seier litt at nest beste dametid var 1.55.28 (Helene Pemmer).

– At tida mi vart svakare enn i fjor var ikkje uventa. Ryggen har skranta i periodar.

– Og neste år er det NM i motbakkeløp i denne traséen.



Alf-Roger Holme (t.v) sette ny rekord på sykkel, medan Jon Tvedt mangla 10 sekund på Hans Martin Gjedrem sin løpsrekord.

– Ja, då må eg vel kome att om eitt år då.

Flotte lokale resultat. Mange av dei lokale løparane imponerte i sol og akkurat passe varm luft i Geiranger. Og vi merka oss at dei to skiløparane Lars Anders Hoel og Runar Korsnes ikkje har sleppt særleg ned i sommarhalvåret.

Lokale klassevinnarar i halvmaraton:
M 17-18 år: 1. Lars Anders Hoel, Valldal, 1.53.52

M 19-22 år: 1. Runar Korsnes, Emblem, 1.44.40

M 45-49 år: 1. Magnor Rypdal, Isfjorden, 1.43.56

M 50-54 år: 1. Olav Krakset, Hakallestranda, 1.53.26

K 55-59 år: 1. Liv Berge, Åheim, 2.47.08

K 65-69 år: 1. Johanne-Marie Erstad, 3.30.57

M 65-69 år: 1. Ingvar Grindset, Innfjorden, 2.23.13

M 75+: 1. Karstein Sørland, Emblem, 3.57.23